

BOKN BYGDABLAD

Nr 2 -Mars 2003 - Årg. 18



Opning av nytt bibliotek - s. 4



Bålbrenning - s. 5



Hognaland bedehus - s. 8





Ny revy - s. 13



Bokn
kommune

Kusymre
kommuneblom i Bokn





RDFØRAREN RDET

Rogfast

Vegkontoret og kommunen holdt informasjonsmøte om "Rogfast" 4/2, kor konsekvensutredninga vart presentert og diskutert. 25 - 30 stk var møtt fram, noko som viser at det ikkje er like stort engasjement nå som då fastlandsforbindelsen var aktuell.

Eg trur at "Rogfast" blir svært viktig for utviklinga på Haugalandet, i Rogaland, og dermed også svært viktig for Bokn. Fylket blir knytt mykje betre saman, Boknafjorden vil ikkje skilja som før. Det vil føra til store utfordringar for Haugalandet, for eksempel innan havn og flyplass.

Men "Rogfast" vil også bety store muligheter for Haugalandet, og vil ta del i utviklinga som skjer rundt Stavanger. Rogaland blir eit felles bu og arbeidsmarked.

For Bokn vil "Rogfast" bety tap av fleire arbeidsplassar på ferjene og på land. Det er beklageleg og me må jobbe for å finne alternativ, for eksempel bomstasjon på Bokn.

Kommunestyret skal gje uttale til konsekvensutredninga og vil då vera opptatt av sikkerhet og beredskap i tunnelen og på vegen over Bokn. Kryssutbetring på E39, gang og sykkelsti langs E39, støy skjerming og forureining tas opp.

Bygging av tunnelen vil føra til at store mengder masse skal tas ut. Bokn kommune føreset at det blir utarbeidd ein avtale mellom vegkontoret og kommunen for å ivareta kommunen, næringslivet og innbyggjarane sine interesser når det gjeld å nytta massen på ein samfunnsmessig god måte. Her er det viktig at alle gode idear kjem fram og at forslaga kjem med i reguleringsplanar. Slik at alt er klart til arbeidet byrjar.

Det er og sagt i uttalen at tunnelpåhogg på Are må fylgja alternativ A, rett sør-vest for oppstillingsplassen.

Museumsamarbeid

Formannskapet har vedteke, med råd fra museumsstyret, å inngå forhandlingar om samarbeid mellom kommunen og Karmsund folkemuseum om drift av Bokn bygdemuseum. Samarbeidet inneber at Karmsund folkemuseum overtar forvaltning, vedlikehald, oppbevaring og katalogisering av samlinga.

Kommunen vil framleis ha eigendomsretten og samlinga skal presenterast i kommunen.

Staten yter bidrag, saman med kommunen og Karmsund folkemuseum til den økonomiske drifta. Målet er å sikra stabil og forsvarleg drift av bygdemuseet.



Frå stova på Bokn bygdemuseum

Taxi på Bokn

Det har vore problematisk å vera utan taxi på Bokn og me har jobba med å få til ei ordning.

Ingen søkte på det ledige løyvet. Då tok eg initiativ til eit møte for å sjå om nokon kunne gå saman for å få dette til.

På møte den 11/2 var det nokre som var interessert i å driva taxi på Bokn. Dei vil, saman med kommunen og Haugaland Billag arbeida vidare med saka med sikte på å starta opp taxi på Bokn. Me får alle håpa at dette arbeidet lykkast.

Ungdomskort på kystbussen

Til slutt vil eg nevna at det lykkast å få fortsetja med ordninga med ungdomskort på kystbussen etter at kystbussen nekta bruk frå 1. februar. Etter telefonar og brev til Rogaland fylke og politikarar i fylket, fortsatte ordninga fram til mai. Innan den tid skal det gjennomførast skikkelege forhandlingar om ei permanent ordning og eg vil stå på for at ungdommen på Bokn også i framtida skal ha eit tilbod for bruk av ungdomskortet.

Svein Ove

Kommunestyrevalet og fylkestingsvalet 2003

- ordføreren stiller til gjenval, får konkurranse -

Jardar Havikbotn

Bygdabladet ynskjer å retta søkelyset mot det politiske livet i Bokn fram til valdagen mandag 15. september. Utover våren og sommaren vil det m. a. bli presentasjonar av ordførar-kandidatar.

Dei fire partia, Bokn Arbeidarparti (Ap), Bokn Høyre (H), Bokn Kristeleg folkeparti (Krf) og Bokn Senterparti (Sp), må sørga for at listeforslaga og eventuelle namn på ordførarkandidatar har kome inn til kommunen før 31. mars. Det er berre Høgre som har sendt frå seg dette. Dei har også offentleggjort at Svein Ove Alvestad også denne gong stiller til direkte ordførarval, som skal foregå samstundes med Kommunestyre- og fylkestingvalet. Formannskapet er valstyre og skal godkjenna listene.

Kleng Våga og Birger Lindanger?

I samtalar med sentrale politikarar har eg fått opplyst at Sp har nominasjonsmøte 10. mars, Ap 12. og Krf 18. mars. Sigurd Johnny Svendsen i Krf seier til Bygdabladet at partiet **ikkje** stiller med ordførar-kandidat. Naturleg nok held partia korta tett inntil seg før nominasjonsmøta, men Bygdabladet har likevel grunn til å tru at Kleng Våga (Sp) og Birger Lindanger (Ap) vil bli ordførarkandidatar. Dermed går det mot at tre personar skal kjempa om å bli ordførar, som for fire år sidan. Dengong hadde altså ikkje Sp nokon kandidat.

Senterpartiet hadde forresten fylkesårsmøte 22. februar. Der fekk Sigvart Våga hedersteikn for lang og tru teneste i politikken, noko Bygdabladet kjem tilbake til.

Ny politisk struktur

Rådmannen hadde fylgjande framlegg til ny politisk modell for Bokn på Kommunestyremøtet 19. februar:

1. Kommunestyret oppretthaldes med dei 17 representantane som ein har no eller med eit redusert antal på 15 eller 13.
2. Bokn kommune skal ha eitt politisk utval utanom Kommunestyret. Dette utvalet - Formannskapet - skal ha 7 representantar. I tillegg til lovfesta oppgåver for formannskap, tillegges Formannskapet dei same oppgåvene som i dag i tillegg til dei oppgåvene som i dag er tillagt driftsstyre og forvaltningsstyre.
3. Det legges fram ei eiga sak for kommunestyret om oppgåvefordeling mellom kommunestyret og formannskap og sak om deleger-

ing av mynde frå kommunestyret til formannskap og til administrasjon.

Sterk usemje her. I prøveavstemminga gjekk fleirtallet, 9 mot 8, inn for 2 utvalg, formannskap og forvaltningsstyre, med 7 medlem i kvart utvalg. I den endelege avstemminga blei dette samrøystes vedtatt.

Dette betyr også at f.o.m. neste kommunestyreperiode er Bokn driftsstyre historie.

Siste ord er kanskje ikkje sagt i saka.

Bygdarevyen 1995, "Sålsen blei det"
Med eit skeivt blick på kommune-
politikken:

Strygevisen (mel. "Pengegaloppen")

1. Nå nærme det seg stemmetid,
eg sidde her med listå mi.
Stryge 1, stryge 2, stryge 3, stryge 4,
Stryge 5, stryge 6, stryge 7, stryge 8,
Stryge 9 - det her va trivelig,
kom her og sjå på listå mi.
Eg har strøge vekk adle så meina det
motsatt' av det eg meine sjøl.
Å, di listene ---- (stryg)
Ja, di listene ----
E te bekymring ----
For Kro- og Vågabu ----
2. Sjå han så står på nummer sju,
han e jo halvveis Tysværbu
Stryge 1, stryge 2, stryge 3, stryge 4,
Stryge 5, stryge 6, stryge 7, stryge 8,
Me vil'kje ha ein nye vri,
og sletttest ikkje nye tid.
Så me må få inn folk i frå Våga og Kro,
dei så kan økonomi.
Han e avholdsmann ----
Han e EU-mann ----
Og han frå Jøsen ----
Me stryge adle mann ----
3. Og sjøl om me har fått oss bru,
me stryge inn- og ytrabu.
Stryge 1, stryge 2, stryge 3, stryge 4,
Stryge 5, stryge 6, stryge 7, stryge 8,
Stryge 9 - me vil jo ha all makt,
nå stryge me med dødsforakt.
Nå kan sanneligt adle dei andre
få sjå me e best i politikk.
Hu e Krogabu ----
Han e Vigabu ----
Og hu kom her te ----
I nittensekstisju ----

www.bygdabladet.no

Som eg nemnde i adventstida i fjor blir nettutgåva av bladet publisert i vår. Arbeidet går etter planen og me vil opna www.bygdabladet.no når me er nøgde med sidene.

- redaktøren -

Rundare former og betre å sjå på

Den observante lesar legg nok merke til forandring enkelte stader i bladet. Me prøver heile tida å finna dei beste løysingane for at du skal få eit betre blad å sjå på.


- redaktøren -

Opning av nytt bibliotek

Annette Bokneberg

Forfattarbesøk

Onsdag 19. februar var det offisiell opning av biblioteket i det nye skulebygget. Dagens program byrja med forfattarbesøk for skuleelevane. Det var Kolbjørn Hauge som hadde tatt turen til Bokn. I to økter med 6-10 og 1-5 klasse las han og fortalde frå bøkene sine i auditoriet. Etterpå vart det boller og saft på elevane. Dette besøket passa inn i småskulen sitt leseprosjekt denne veka. Bilder frå bokveka kan du sjå på siste side.



Klar til snorklipping

Mange gjester

Kl. 13 byrja det offisielle programmet. Eit 30 tal inviterte og andre hadde tatt turen.

Biblioteksjef Linda Ognøy ønska velkommen og gav ordet vidare til ordføraren. Han tok seg av den praktiske delen med klipping av snora. Det vart spela fanfare på trompet ved Jarðar Havikbotn. Ordføraren tok føre seg litt om bibliotekhistoria på Bokn. Spranget her er stort frå "kommunestova" på ungdomshuset på Håland. Der

sto eit skap med bøker som berre vart opna kvar lørdag til dei over 14 år. I dag er det ope på biblioteket 12 timar i veka + 4 timar berre for skulen.



Besøk frå Dagsenteret

Bokn på utlånstoppen

Ordføraren gav deretter ordet til Fylkesbiblioteksjef Svein Arne Tinnesand. Han gratulerte Bokn med nytt bibliotek og minna om at Bokn ligg på landstoppen når det gjeld utlån. Bokn har eit gjennomsnitt på 11 utlån pr. innbyggjar.


Linda tok igjen ordet og takka for dei nye lokala. Det vanka blomster og bamsar til ordførar, Fylkesbiblioteksjef, byggeleiar, arkitekt, vaktmeistarane og leiar for byggenemda.



Gutta med bamsen i armkroken

Kaffi og kake

Kolbjørn Hauge fortsatte programmet i auditoriet. Han fortalde historier frå bøkene sine. Mange kosa seg med hans mange muntre historier og kommentarar. Etterpå var det servering av kaffi og kake. Det var Julianne Nilssen som hadde laga den kjempeflotte marsipankaka.



Kolbjørn Hauge



Samling rundt teiknebordet etter eventyrtilmen

Eventyrtime

På ettermiddagen dukka fleire små opp til eventyrtime med Venevil Birkelund. Dei vaksne kosa seg med kaffi i biblioteket mens ungane var i auditoriet. Kommunestyret var også innom til omvisning før møtet deira om kvelden. Det vart såleis ein vellukka dag der mest alle generasjonar var innom.

Det blir ny eventyrtime onsdag den 19. mars kl. 17.00 i auditoriet.



Flott kake laga som ei oppslått bok!

Me brenn for norsk landbruk

Osmund Våga

Som De kanskje har sett blei det brunne bål mandag 24/2 i ein aksjon for å visa den faren som truar norsk landbruk.



Sigmund Alvestad, Bernhard Våga, Louis Medhaug og Lars Boknaberg framfor bålet.

I WTO-forhandlingane som no pågår er det lagt fram forslag som dersom dei skulle bli gjennomført vil rase- ra landbruket.

Derfor vil Bondelaget markera den faren som truar og

oppfordra både politikarar og andre til å kjempa for at me framleis kan ha eit landbruk her i landet.

Sjølv om det i andre delar av landet kanskje vil bli nokre store gardar att, vil det for Bokn sin del neppe bli noko landbruk att i det heile dersom forslaga skulle bli vedtekne.

Tenk korleis dette ville slå ut både for landskapet og for sysselsettinga.

Sjølv om det er vanskeleg å tallfeste sysselsettinga, kan ein kanskje anta at det er rundt 50 personar i Bokn som har ein vesentleg del av inntekta fra landbruk.



Det blir vel då den nest største arbeidsplassen etter offentlig sektor.

Og for landskapet sin del, tenk korleis det ville sjå ut om alle gardane vaks til med busk og kratt. Dette vil og ha store konsekvensar for reiselivsnæringa.

Me vil difor oppfordra alle som bryr seg om dette til å støtta oss i kampen.

Dei som har tilknytning til landbruket kan gjera det ved å støtta landbrukets organisasjonar, og andre ved å nevna det i dei organisasjonar og parti som dei måtte vera medlem av.

Osmund Våga
Leiar Bokn bondelag.




Rogfast i 2010: Bokn vil ha planfrie kryss

Reidar Alvestad

Høyring

Bokn kommunestyre ynskjer at kryssa på E 39 ved Knarholmen og på Austre Bokn må utbetrast før Rogfast blir opna for trafikk i 2010.

Kommunestyret gjorde den 19. februar vedtak om m. a. dette i ein høyringsrunde til konsekvensutgreiinga for E39—Kyststamvegen—Boknafjordsambandet.



Utgreiinga er utført etter at Rogaland fylkesutval i mars 2001 vedtok å setja i gong arbeid for å få utarbeidd ei konsekvensutgreiing og fylkesdelplan for ferjefri kryssing av Boknafjorden.

I uttalene til den første delen av utgreiinga, det såkala "Silingsnotatet", var det brei semje om at alternativ 1- Oppgradert ferjetilbod og 2- Undersjøisk tunnel mellom Mekjarvik i Randaberg og

Arsvågen på Bokn med arm til Kvitsøy, burde utgreiast vidare i fase 2. Dette er nå gjort, og sendt på høyring.

Bokn ynskjer omfattande tiltak

Bokn kommunestyre ynskjer at det blir alternativ 2 i konsekvensutgreiinga for E 39—Undersjøisk tunnel mellom Mekjarvik og Arsvågen med arm til Kvitsøy som blir realisert. Dette er det såkala Rogfastalternativet. Men kommunestyret har ei rekke krav om opprusting av eksisterande E 39 gjennom kommunen dersom Rogfast blir bygd. Grunnen til dette er at Rogfast vil føra til ein sterk auke av biltrafikken gjennom kommunen, noko som vil føra til ulemper for bustadområda langs E 39 når det gjeld forureining og støy. Det vil også vera behov for betre beredskap i forhold til ulykker som lettare kan skje på vegen eller i tunnelen når det blir større trafikk.

Beredskap

Kommunestyret vedtok rådmannen si tilråding til vedtak med formannskapet sine tillegg på dei fleste punkt, og seier dermed at Rogfastprosjektet må deka dei meirutgiftene det vil føra med seg å bygga opp ein beredskap for eventuelle ulykker i tunnelen.

Trafikkale forhold

Vidare går vedtaket på opprusting av E 39-kryssa i kommunen, og utviding av vegbreidda på eksisterande E 39 inkludert sykkel og gangveg frå Arsvågen og fram til nytt kryss til T-forbindelsen ved Mjåsund.

Nærmiljø


Kommunen stiller også krav om at det blir utarbeidd ein plan for iverksetjing av tiltak som kan hindra støy og forureining for bustader/bustadområde som ligg sentralt i forhold til E 39. Tiltak må gjennomførast før ein startar opp Rogfastprosjektet.

Overskotsmasse

Overskotsmasse frå tunnelen er planlagt deponert i sjøen mellom Laksaberget og Nordre Solholmen. Det vil seia at ein fyller ut nord for eksisterande molo. Her ynskjer kommunen at ein fyrst og fremst etablerar eit deponi som seinare kan nyttast i kommunen. Fyllmasse til ein eventuell ny veg mellom Are og Hognaland var nemnt.

Lokalisering for tunnelinngang på Are

Kommunestyret ber om at alternativ A må veljast for tunnelinngang på Are. Det er det austlegaste alternativet som omtrent går litt vest for der billettbuene står i dag.




Til høgre i bildet ser ein det skraverte feltet mellom Laksaberget og nordre Solholmen kor overskotsmassane skal deponerast.

Informasjonsmøte

Nye tunnellar og vegprosjekt etter Bokn fastlandsamband er ikkje så fantastiske lenger for boknaren som for kvitsøybuen. På informasjonsmøtet om Rogfast som var på Kvitsøy den 3. mars, møtte 150 tilhøyrarar. På Bokn dagen etter møtte i overkant av 20 personar opp.


Ordførar Svein Ove Alvestad sa først litt om den nære



Alternativ a i forslaget til tunnelinngang for Rogfast frå Bokn-sida er det austre alternativet som går forbi staden der billettbuene står og sørover inn i Vallberg.

tilknyttinga Bokn hadde sørover før Skudenessambandet kom i gong i første del av 1970-åra. Med eit framtidig Rogfast vil nord- og sørfylket på ein heilt ny måte bli knytt saman med ein ca. 23 km lang under-sjøisk tunnel mellom Randaberg og Bokn, med ein 2,6 km lang arm til Kvitsøy.

Ordføraren orienterte vidare om andre store samferdsleprosjekt i fylket som kjem før Rogfast. Det er T-sambandet mellom Karmøy, Tysvær og Haugesund som kan starta neste år, og stå ferdig i 2006, pluss Ryfast frå Stavanger til Strand, og Finnfast frå Rennesøy til Finnøy.



Ordføraren hadde ei innleiing på informasjonsmøtet før Bjørn Alsaker (sitjande t.v.) frå Vegkontoret tok for seg sjølve Rogfastprosjektet.

Kan bli ferdig i 2010

Både Vegvesenet og fylkesordføraren har sett 2010 som det året Rogfast kan vera ferdigstilt. I så tilfelle er det fleire ting som må klaffa, og økonomien vil spela ei viktig rolle. Dersom staten går tungt inn, kan bompengane bli lågare enn dagens bompengar i Rennfast og ferja over fjorden.

Vestlandet eit U-land i vegstandard

Bjørn Alsaker sa at folk her på kysten må ha same vilkår for transport som på Austlandet og i Trøndelag. Vestlandet har 37% av den tradisjonelle eksportproduksjonen her i landet, men har dårlege vegsamband. Gode forhold for transport er avgjerande for næringspolitikken og dei utsiktene eit område har for vidareutvikling av næringsverksemd. Difor er Rogfast av stor betydning for Vestlandet si framtid og næringsutvikling. Difor har både politiske fora og næringslivsinteresser på strekninga Bergen - Stavanger engasjert seg sterkt for prosjektet. Rogfast vil bli eit langt steg mot ein ferjefri kyststamveg på Vestlandet. Reisetida mellom Stavanger og Haugesund vil bli ein time i bil, altså ein reduksjon på 45 minutt i forhold til i dag. Frå Stavanger til Bergen vil ein med Rogfast kunna kjøra på 3,5 timar—då med ei ferje til Os.

Kostnad og byggetid

Byggetida for Rogfast dreier seg om i overkant av 4 år. Spørsmålet blir om det er ledige entreprenørar til å ta seg av prosjektet så tidleg som 2006, i og med dei mange andre prosjekta som står for tur her i fylket. Elles er kostnaden stipulert til 2,6 milliardar kroner. Andre stamvegar er oftast betalte med 100% statlege midlar. Her i fylket er me imidlertid vant med å betala store deler av vegprosjekta sjølv med bompengar, og kjem nok ikkje utanom det her heller dersom me vil

ha tunnelen rimeleg tidleg.

Rogfast er prosjektert med eitt løp med tre kjørefelt i bratte parti, og to kjørefelt i horisontale parti.

Miljøkonsekvensar for Bokn

Miljøkonsekvensar går på området nærmiljø, friluftsliv, naturmiljø/kulturminner og kulturmiljø/landskapsbilde og luftforureining.

For Bokn sin del vil traseen gjennom kommunen gå på eksisterande E 39, og endringa vil bli at større trafikkmengd vil forsterka dei støyproblema ein har i dag gjennom buområda. Dette ber kommunestyret om å få endra på med avbøtande tiltak i tett bebygde område. Alternativa som tunnelinngang i Arsvågen vil ikkje vera noko stor endring i forhold til dagens trase for E 39, og vil såleis ikkje føra til vesentlege endringar for nye område ved Arsvågen.

Opprusting av eksisterande veg på Bokn?

Mange som var på informasjonsmøtet meinte at dei forholda Bokn kommune tok opp i høyringsuttalen, burde det gjerast noko med i forkant av Rogfast. Dei meinte at vegen frå Arsvågen og fram til krysset i for det framtidige T-sambandet ved Mjåsund måtte bli tatt inn i Rogfast-prosjektet for å få auka breidda på vegen, få fleire planfrie kryss, og betre støydemping i tettbygde strok. Dette også fordi trafikkbelastninga vil auka vesentleg med ferjefri kryssing av Boknafjorden. Bjørn Alsaker frå Vegkontoret kunne sjølv sagt ikkje lova noko på desse områda, og sa m.a. at vegbreidda ikkje var avgjerande for trafikktryggleiken i og med at han alt i dag var 7 meter. Han meinte også at t.d. krysset ved Knarholmen var nokså oversiktleg, men sa samstundes at forholda låg godt til rette for betre kryss i og med at det alt var ein undergang frå før, og såleis var relativt enkelt å få det til. Han nemnde også at støyproblema med vegen gjennom Alvestadkroken måtte vera viktige å gjera noko med, utan at han lova noko. Dei næraste åra vil difor visa om Bokn får innfrid krava som kommunen stiller til prosjektet når det gjeld tiltak på eksisterande veg.

Bomstasjon ved Arsvågen

Bokn har i dag fleire arbeidsplassar knytta til billettbuene i Arsvågen. For å halda på desse arbeidsplassane burde det vera viktig at Bokn tidleg signaliserte at ein ynskjer bomstasjon i Rogfastsystemet.

Regionale verknader

Rogfast vil bli verdas lengste undersjøiske tunnel. For næringslivet vil ein slik tunnel medføra betre tilgang til marknader, råvarer og arbeidskraft. Det blir betre tilgjenge for kunder til bedriftene, enklare tilgang til reservedeler og vedlikehald, auka konkurranse og forventa auka lønsemd. Dette betyr at prosjektet kan bidra til etablering av nye bedrifter, vekst i eksisterande bedrifter og bidra til auka sysselsetjing. Dei same forholda kan også bidra til effektivisering av handel, privat og offentleg tenesteyting. Dette kan bidra til redusert sysselsetjing. For busetjinga kan ein tunnel føra til ein utvida arbeidsmarknadsregion, betre tilgjenge til handel og service, helsetilbod og anna kommunal tenesteyting, skule, fritidstilbod m.v. Trafikkauken i det eksisterande Boknafjordsambandet har vore betydeleg større enn prognosane. Den vesentlege delen av trafikken går mellom Nord-Jæren og Haugesundsområdet. I 2001 var 51 % av trafikken relatert til fritidsreiser o.l. 32% var yrkestransport eller reise i arbeid, og 17% reise til og frå arbeid eller skule.

Hognaland bedehus

Olaug Hognaland

Bokn Røde Kors overtar bedehuset

Som nemnt i forrige Bokn Bygdablad, fekk Bokn Røde Kors overta Hognaland Bedehus i fjor haust.

Ein av grunnane til dette var at bedehusfolket i Bokn etter brutilknytninga mellom Austre og Vestre Bokn i første del av 1990-åra fekk gamle Austre Bokn skule av kommunen, og samla all bedehusverksemd i kommunen i dette huset. Det gamle bedehuset på Hognaland vart etter kvart mindre og mindre brukt.

I ein serie om bedehusa våre i Kyrkjetonar, har Olaug Hognaland i nr. 2 1991 skrive saga om Hognaland bedehus. Ho har tillete Bokn Bygdablad å bruka dette stoffet, og slik er historia:

Hausten 1919 gjekk ei stor åndeleg vekkjing over Bokn. Same hausten var ein del av dei nyvakte og andre interesserte samla i Hognaland skulehus for å drøfta spørsmålet om å byggja eit bedehus i Søndre krets. Dei vart då samde om at huset skulle stå midt i krinsen, like ved skulen. På same møtet vart denne byggjenemnda vald: Sivert Jørgensen, Halvor Gjertsen, Sigval Loten, Jørgen Are og Jens L. Vatnaland. Desse skulle og gå med innsamlingslister, både i Nordre og Søndre krets. Naturleg nok venta dei med dette til etter vårsildfisket 1920.

Innsamlinga ga ein sum av kr. 3.427,-.



Hognaland bedehus januar 2003 - nå Bokn Røde Kors

Men så viste det seg at ikkje alle var fornøgde med plassen som var vald. Eit nytt kretsmøte resulterte i avstemming, og fleirtalet stemde for den plassen som først vart bestemt, ved hovudvegen like ved Hognalandskrysset. Kornelius Hognaland ga fri grunn.

1920 var etter måten dyr tid, og dei venta ny stigning på material, så det hasta med å koma i i gang. Dei tok opp eit lån i Bokn Sparebank på kr. 3.500,-. Kassaboka viser at Johan Jøsang stod for muring og støyping. Hans og Kornelius Hognaland og Morten Vatnaland gjorde det meste av tømmerarbeidet. Elles vart det gjort mykje gratis arbeid. Trematerialane var levert av Øgreid og Sønner, pris kr. 5.300,-.

1. november 1920 stod huset ferdig. Det var 75 kvm stort, bygd etter den stil som var vanleg i den tida. Ein stor møtesal, eit mindre rom med trapp til loftet. Alt var umalt. Grunnmuren var tjukk gråsteinsmur, og det var kjellar berre under halve huset.

Lørdag 28. november vart huset innvigd. Frå Indremisjonen møtte formann Ole Samsonen og sekretær, seinare klokkar Foldøen. Innviingsfesten tok til kl. 13.00. Formann i byggjenemnda, Jens L. Vatnaland, opna festen med å gi eit oversyn over arbeidet, takka alle som hadde vore med og hjelpt til, og leverte huset over til Indremisjonsforeninga ved Andreas J. Vatnaland. Samsonen heldt innviingstalen og knytte dette ynskje til talen: "At det fra denne talerstol i dette hus, alltid måtte lyda det reine Guds ord om Jesus som den einaste veg til Himmelen, til Gud. Sekretær Foldøen tala, og slutta av med bøn om at ingen av dei som hadde vore med å byggja huset, måtte stå utanfor kjennskapet til det guds Lam som bar deira synd.

Etter festen byrja basaren. Så var det tale av ein ut-sending ved namn Grindheim. Basaren varde til langt på kveld, og dei var godt nøgde med det økonomiske resultatet. Det må ha vore det lengste samvær som nokon gong har vore i det huset. Like etter hadde Indremisjonsforeninga møte for å velja styre for huset. Valde vart: Jens L. Vatnaland - formann, Halvor Gjertsen, Jørgen Are, Sivert Jørgensen, Sigval Loten, Rasmus Trælhaug og Matias Are.

På første styremøte vedtok dei at Indremisjonsforeningen og bedehuset skulle fylgja Indremisjonen sine statuttar. Desse vart innførde i styreprotokollen i 7 paragrafar. Nå har huset stått i sytti år, har blitt vølt og påkosta ettersom ein har hatt tid og råd til. I 1953 var styret på bygda med innsamlingsliste, og kjøpte eit stort maleri, som heng over talarstolen. Det syner Jesus i samtale med den samaritanske kvinna ved brønnen, og er signert Magne Hauge. I 1954 fekk Vestre Bokn Søndre krets Indremisjonsforening kjøte på grunnen og eit areal på 1 da. rundt huset. Kjellaren har fått kjøkkeninnreiing, og det er bygd trapp mellom kjellaren og hovedetasjen. Trebenkene vart skift ut med røyrstolar og det er kjøpt nye, praktiske bord. Huset har innlagt vatn, men manglar sanitær-anlegg.

Barne- og kvinneforeninga har hatt sine møte i det minste rommet, likeeins søndagsskulen. Møteverksemda har minka med åra. Me som er blitt gamle hugsar frå vår ungdom, at ein talar kunne vera her i vekesvis, fullt hus kvar kveld. Små born, ungdom og gamle folk. Dei gjekk lange vegar, frå Are kom dei i båt. Fleire gonger har her vore vekkjing. Me kom til møta i spenning: Er nokon nye "nye" her i kveld? Kan slike tider koma att?

Bedehuset er ope for alle "som står på Guds ords og vår kirkes bekjennelsesgrunn" som det står i loven for foreninga/huset.

Styret i 1990 har vore Magnar Are - formann, Margrethe Jøsang, Håvard Hetland, Sigrid Jøsang, Magne Are, Olga Vågshaug og Kari Are.

Bokn historielag er starta

Reidar Alvstad

Stor interesse


Ein nokså alminneleg mandagskveld i januar. 2003—den 27., hadde Bokn si bygdeboknemnd kalla inn til startmøte for eit historielag i Bokn. Forventningane var nok at det ville koma nokre interesserte, men eg trur nok dei fleste initiativtakarane var overraska over at så mange som rundt 20 personar møtte opp.



Det var etter måten stor interesse for Bokn historielag

Det var Birger Lindanger som ynskte velkomen og orienterte om bakgrunnen for initiativet som var tatt om å starta eit historielag. Det fins mykje materiale frå fortida, og det kan vera ein fordel at eit historielag er med på å samla og ta vare på dette, som t.d. kan brukast i ei framtidig kultursoge for Bokn.

Bygdebøkene i Bokn har vist at det er stor interesse for slikt i Bokn, og det fins også mykje historie her. Birger Lindanger stilte spørsmål om kva laget skal vera, kva det skal arbeida med, og korleis arbeidet skal leggjast opp.



Birger Lindanger ynskte velkomen og leia møtet. Seinare fortalde han om sjøormen i Boknafjorden

Mat og kaffi og ein god drøs høyrer til. Det vart også laga lister over kva felt dei frammøtte var spesielt interesserte i, og kva dei meinte ein kunna arbeida aktivt med i tida framover. Nokre av dei felte som kom opp var:

- ⇒ Daglegliv, husflid, klesdrakter, helsestell mv.
- ⇒ Trekk av Bokn si kulturhistorie
- ⇒ Historie knytt til primærnæringar som fiske og jordbruk

Val:

Desse vart valde inn i styret:

Leiar: Sigvart Våga

Nestleiar: Solveig Ellingsen

Sekretær: Annette Bokneberg

Kasserar: Eivind Øvrebø

Styremedlem: Arne Øvrebø

1. Varamann: Liv Vatnaland

2. Varamann: Kjell Blikshavn

3. Varamann: Linda Ognøy

Revisorar: Ann Jeanette Sunde Olausen

May Jorunn Vatnaland

Valnemnd: Bertha Våge, Birger Lindanger, Sigmund Grønnestad

Utsendingar til årsmøtet: Sigvart Våga og Solveig Ellingsen. Vararepr.: Annette Bokneberg.

Sigvart Våga og Birger Lindanger hadde kvart sitt innlegg med historier frå gamle dagar. Sigvart fortalde frå Våga på 1800-talet, medan Birger hadde historier frå ennå tidlegare tider om sjøormen i Boknafjorden og laust og fast frå Nautøya.

Det var mange som teikna seg som medlemmer. Kontingenten vart fastsett til kr. 100,-



Sigvart våga fortel frå Våga i gamle dagar

Styret skal nå opp sak om vedtekter for historielaget. Dei må også diskutera korleis det skal arbeidast vidare med temane som kom opp.

I tillegg til dette vil historielaget arrangera andre møte med historiske tema som medlemmer og andre kan delta på.

Ridecup i Krovågen

Kari Christensen

På en råkald februarsøndag arrangerte ungdomsgruppa i Faxi Islandshestforening ridecup på Krovågen Hestesenter. Tross vinterlig vær og et fint lag med nysne var baneforholdene gode og 20 ekvipasjer stilte til start - både barn, ungdommer og voksne ryttere.

Fem stevner i cup'en

Islandshestforeningens ridecup strekker seg over fem konkurransedager i perioden januar til april. Cup'ene arrangeres i Tysvær, Bokn, Vikedal, Suldal og Stord. Cup'en består av i alt 11 ulike konkurranseklasser for junior og senior - både gangartskonkurranser og trail (disiplin og lydighetstrening med hest). Stevnets beste rytter denne gangen ble Hilde Kolnes fra Førdesfjorden.

Initiativrik ungdomsgruppe

Ungdomsgruppa i Faxi består av 18 aktive ungdommer. Med Synnøve Bygnes og Hilde Kolnes i spissen har de tatt ansvaret for planlegging og gjennomføring av de fem cup-stevnene. Oppgavene er godt fordelt - alt fra påmeldinger, stevneledelse, sekretariat og speakerjobb til kjøkkentjeneste og kafètilbud.



Hilde Kolnes på gråskimmelen Kulur - cup'ens beste ekvipasje.

For også å få tid til å konkurrere er enkelte oppgaver delegert til foreldre og andre støttespillere under avviklingen av stevnedagene.

Overformynderiet i endring

Reidar Alvestad

Nye vurderingar


Ikkje alle kjenner til at det i kvar kommune er eit overformynderi. Overformynderiet i kommunane er sett til å utføra oppgåver etter lovgjevinga i vergemålslova, og dette er m.a. oppgåver om umyndiggjeringsordninga, oppnemning av verger og hjelpeverger og ei rekke andre oppgåver.

Om plassering av umyndiges midlar

Ei opppgåve som overformynderiet har etter lova, er noko som er lite kjent av foreldre og føresette som har barn under 18 år (som etter lova er umyndige). I medhald av vergemålslova §63 om beløpsgrense for når overformynderiet skal forvalta umyndiges midler, heiter det i forskrift til dette at grensa for når overformynderiet pliktar å forvalta umyndige sine midler er kr. 75.000,-

Dette betyr at dersom foreldre ynskjer full styring på barna sine midlar sjølv i samarbeid med barna, må dei passa på at barn under 18 år ikkje har over kr. 75.000,- inntestående i for eksempel bank.

Det synes som at det rår ein del usikkerhet om dette spørsmålet, som det gjer i fleire andre saker vedr. overformynderiet sine oppgåver. Difor skal alle sider ved overformynderiet opp til vurdering innan 1. juli i år, i følgje ein artikkel i VG den 16.01.03.



UTLEIGE KOMMUNALE BYGG

Ved leige av lokaler på skulen - ta kontakt m/ Norunn på skulekontoret i kontortida: man - torsd frå kl. 08.30 til kl. 12.30.

Ved leige av lokaler på Boknatun eller Kyrkjebygd - ta kontakt med oss i Servicetorget mand. - torsd. Frå kl. 08.00 til kl. 15.00.

Arrangement blir automatisk lagt inn i kulturkalenderen av kulturkontoret

Med helsing

Liv, Norunn og Gro

Frå Bokn Musikkorps si årsmelding 2002

2. års aspirantane:

Me har hatt 7 stk. 2. års aspirantar. Desse har hatt ei fast øving i veka, fordelt på to grupper, og Torhild Svendsen er instruktør for desse. Aspirantane har godt frammøte og ser ut til å trivast. Etter nyttår skal dei byrje i juniorkorpset, noko dei er godt førebudd på. Dei har hatt seminar samstundes med juniorkorpset. Dei var også med til Danmark i juni.

1. års aspirantane:

I haust tok me opp 4 nye aspirantar; 3 på messing-instrument og 1 på trommer. Det er Oddrun H. Nilssen og Øyving Børgesen som er instruktørar. Dei var med på seminaret 9. og 10. november, med påfylgjande konsert for foreldra. Me gler oss til å høyre meir frå dei seinare.

Juniorkorpset:

Juniorkorpset har øving torsdagar frå kl. 17.00 - 19.00, og Lillian Grønnestad er dirigent. Også her er det veldig bra frammøte. Den 27. - 29. september var juniorkorpset med på Karmøy Brassfestival i Kopervik. Ellers har året gått bra for juniorkorpset, det ser ut til at dei trivst og har det kjekt. Dei har hatt ein fin utvikling musikalsk, og hatt mange fine "konsertar". Dei spela på konsert, i Danmark, på auksjon, Luciafest og julegrantenninga, i tillegg til foreldrekonserterar ved slutten av seminara.

Som avslutning før sommaren var me i Danmark. Me har inntrykk av at dette var inspirerende for musikantane.

Tone B. Høyland er uniformsansvarleg for juniorkorpset. Øyvind Børgesen er trommeinstruktør.

Vaksenkorpsset:

Vaksenkorpsset har øving kvar måndag frå kl. 20.00 - 22.00. Jardar Havikbotn er dirigent. Då Jardar blei sjukmeldt i november, tok Oddrun H. Nilssen oppdraget. Tusen takk for at du gjorde dette i den siste hektiske månaden før jul, med 3 konsertar på under ein månad.

Frammøte er jevnt over bra også i vaksenkorpsset. Før sommarferien var me i Haugesund på Peppes Pizza. Styret ynskjer at vaksenkorpsset kjem med egne forslag dersom dei vil ha slike arrangement.

Noteforvaltar har vore Torhild Svendsen, og ho har gjort ein glimrande jobb. Takk for den flotte jobben du har gjort.

Sluttord:

Bokn Musikkorps er inne i ei positiv utvikling, medlemstalet aukar og me håpar at det fortset slik også i år 2003.

Styret har hatt 12 styremøte i 2002. Styrearbeidet har i året som har gått fungert greit. Styret har laga ein organiseringsplan for å lette arbeidet. Det er viktig at alle tar ansvar for sin del av arbeidet.

2002 har vore eit positivt år for Bokn Musikkorps, me har hatt mange vellukka arrangement. Det krevs ein del arbeid for å få dette til, men foreldre og medlemmer er flinke til å stille opp. Det er alltid to frå styret som har hovudansvaret for eit arrangement.

Då skulen skulle byggjast ut, måtte me flytta alt ut-

styret vårt til Hognaland Bedehus. Dette blei gjort i mai. Øvingane til juniorkorpset og vaksenkorpsset hadde me der til etter haustferien. Då begynte me så smått å flytta utstyret tilbake til skulen. Nå har me fått eit lagerrom i kjellaren på nybygget, i tillegg til eit rom som me deler med kulturkontoret (ved gymsalen). Nå skal lagerrommet i kjellaren innredast, slik at me får utnytta plassen best mogleg.

Arrangement i år 2002:


- * Bingo 13. januar
- * Seminar vaksenkorpsset 2. og 3. mars
- * Seminar juniorkorpset/aspirantar 9. og 10. mars
- * Konsert 24. mars
- * Bingo 4. april
- * 17. mai (tombola, ball og pilkast, Oleanna-jakke)
- * Danmarkstur 20. - 25. juni
- * Utedans 13. juli
- * Karmøy Brassfestival 27. - 29. september
- * Bingo 30. september
- * Seminar vaksenkorps 12. og 13. oktober
- * Seminar juniorkorps/aspirantar 9. og 10. november
- * Auksjon 16. november
- * Julebingo 24. november
- * Juniorkorpset spela på tenning av julegrana 1. desember
- * Luciafest 8. desember
- * Julekonsert i kyrkja 24. desember
- * Spela i kyrkja 31. desember

Dagny Kjellesvik
leder

Lillian Grønnestad
sekretær

Nytt styre i 2003:

Leiar:	Dagny Kjellesvik
Nestleiar:	Annette Bokneberg
Sekretær:	Lillian Grønnestad
Kasserar:	Odd Grønnestad
Styremedlem:	Johannes Nilssen
1. varamann:	Ove Alvestad
2. varamann:	Torunn B. Skjelde



Kulturkveldar med tradisjonsmat

Jardar Havikbotn

Ting kan tyda på at det er på tide å gjenta suksessen frå 1994, då skulekjøkkenet var fullt av muntre damer i alle aldre som trylla fram herlege lefser og kaker.

Det hende sikringen gjekk. Rundt 15 steikeheller (takker) krevde sitt, men det tok alle med godt humør. Desse kveldane, der dei med lang erfaring lærte opp dei yngre, var eit resultat av at kulturkontoret ynskte å få til eit vaksent miljø rundt ulike aktivitetar på skulen på kveldstid. Blant fleire idear var det tradisjonsmatlaging som hadde nok interesse til å bli sett i gong, og me hadde samlingar både om våren og hausten det året.

Dei som fungerte som fagpersonar kjøpte inn ingrediensene for heile gruppa, og dei som hadde tok med seg "hedlå" si. Utgiftene blei så fordelte etterpå. Eg har ikkje høyrte anna enn at folk som var med på desse sosiale og lærerike kveldane, sjølv sagt med innlagt matpause, tenker tilbake på dei med glede og godt kunne tenka seg å koma saman att.

Dessutan er det sikkert nye interesserte. Me var ikkje så flinke å ta bilder på den tida, men i staden for bilde vil eg trykka oppskriftene på den maten som blei laga.

Viss interessa er der vil eg organisera dette på nytt. Vil du vera med i eit flott og godluktande læringsmiljø på skulekjøkkenet melder du interessa di til kulturkontoret **innan fredag 21. mars.**

Etterkvart har me som jobbar med trivsestiltak i ei lita bygd lært oss å ikkje "gapa for høgt" med ein gong. Eg ynskjer å få i stand dette før me eventuelt set det i saman med ein annan aktivitet. Mykje lar seg gjera, og ring eller send gjerne ein e-post med idear!



Natronsaker

**Visp saman to egg ca 0,5 koppar sirup.
Ha i 1 kulturmjølk og ei stor matsk. natron saman med kveitemjøl.**

Deigen skal vera så tjukk at ein kan samla han saman i handa.

Etter at emnene først har vore nedi ei bolle med mjølk former du små, runde kaker rett på takka.
Bruk middels varme.

Flatbrød

**1 kg havremjøl
1 ts salt
Lunka vatn til passe deig**

Held mjøl oppi fatet. Tilsett salt. Spe til med lunka vatn til deigen blir passe. Kjevla runde flatbrød og steik på begge sider.

Bruk god varme på takka.

Potetkaker

Alle mål er ca.-mål

**1,5 kg kokte/malte poteter
0,5 koppar kulturmjølk
1,5 koppar rugmjøl
2 koppar kveitemjøl
1 matsk. (ss) sukker**

Bland alt godt. Samle deigen saman. Lag ein rull og skjær opp i passeleg emne. Bruk god varme og snu kakene ofte.

Potetlefser m/graute

**1 kg kokt/malte poteter (mal 2 gonger)
Avkjølt semuliegraut av 0,5 l mjølk
1 matsk. sukker
1 st. kopp sikta rugmjøl
Kveitemjøl til passeleg fast kjevledeig**

Deigen må eltast godt slik at han blir seig – gjerne i kjøkkenmaskin.

Potetlefser II

**Kok opp 0,5 l mjølk
Smuldre 125 g margarin i 0,5 kg kveitemjøl.
Slå mjølka over smør/mjølblendinga
Visp eit egg og bland i
Til slutt 1 tallerk kokte/malte poteter**

Ein vil etterkvart finna ut at ein kan laga lefser av det meste. Ein kan bruka meir graut eller meir poteter. Likeeins meir rugmjøl om ein er glad i den smaken.

Steikinga av lefsene er viktig. Bruk god varm takke og steik fort. Legg klede over, då vert lefsene så mjuke at ein kan bretta dei saman og dei tek liten plass i fryseboksen (om ein har plass der). Elles må dei laggast utover og tørkast.



Nordlandslefser

**2 koppar kulturmjølk
0,5 koppar sukker
0,5 koppar sirup
1 kopp smelta, avkjølt smør
1 ts natron
1 ts hjortesalt
1 ts bakepulver
Kveitemjøl til passeleg, fast deig**

Bland alt saman og rør minst mogeleg.

Det smelta smøret skal blandast i til slutt.

No skal deigen stå kaldt i minst to timar, gjerne til dagen etter. Bruk små emner og kjevla ut.

Bruk middels varme på takka.

Ny bygdarevy på gong!

- kun til medisinsk bruk -

Jardar Havikbotn

Det er ei glede å fortella at det blir ny bygdarevy i år! Sist gong var hausten 1999. Då bar han namnet "Bånn gass" og var m.a. påverka av Europipe II-prosjektet.

Revyane "Landfast" (1991) og "Sålsen blei det" (1995) er med og danner faste intervall mellom desse kulturelle høgdepunkta. Dette er faktisk tilfeldig, men rett nok skal det seiast at enkelte kan synast å få spesielle kjensler for dette kvart fjerde år. Ein forsiktig konklusjon blir då at bygdarevyen kjem like sikkert som det er kommuneval.

Desse kriblingane har vore ei tid hos eitt av medlemma i Bokn revylag, som blei starta i samband med forrige revy. Olav Rossebø kan fortella til Bygdabladet at skrivinga har pågått ei stund. Denne gongen blir denne prosessen gjort litt annleis i og med at fleire av sceneaktørane er med på idéutvekslinga frå tanke til tekst. Ei gruppe på fire sørger for å få alle påfunna ned på papiret, klare til framføring. Underteikna kan skriva under på at slike latterfulle kveldar kan forårsaka gongsperr både her og der. Olav kan opplysa om at revyen førebels er mest verbal, dvs. at ein sju, åtte sketsjar allerede er klare, men songane kjem også etterkvart. Som



"Bånn gass" i 1999: Kristi Laupland, Kaj Arne Christiansen og Torunn Skjelde.

vanleg vil kulturhendinga innehalda både venta og uventa ting i forhold til Bokn anno 2003.

- Ja, me har nok nåken overraskelsar på lur, avsluttar ein entusiastisk revymann.

Det er usikkert når revyen vil bli vist. Bygdabladet vil gi deg alle praktiske opplysningar utover våren.

Gled deg til bygdarevyen 2003, "Kun til medisinsk bruk"!

Bygdakino på gong?

- auditoriet gjer det aktuelt -

Jardar Havikbotn



Offentleg kino i Bokn er ikkje noko nytt, men det nye auditoriet lokkar med intim kino-utforming.

Berre skikkeleg kinolyd manglar, men dette vil kanskje bli ettermontert i nærmaste framtid.

Underteikna har fått "Bygdekinoen" til å kikka på forholde med tanke på ei prøveordning i kommunen. Når

du les dette er kanskje avtalen allerede i boks!

15 norgespremierar kvart år

"Bygdekinoen - film på vei" tilbyr kino til stader som ikkje har eigen, fast kino. Dei færraste er nok klar over at denne kinoen har rundt 15 norgespremierar kvart år. Filmane er for eit breiddt publikum, og dei rettar seg særleg mot barn og ungdom. Kvar kinokveld er det vanlegvis to forestillingar, hvorav den ene er for barn. Billettprisane er 30,- for barn og 50,- for vaksne. "Bygdekinoen" er ein av landets

største kinoar med rundt 120.000 besøkande i året og ca. 200 spelestader. Det er kommunen som gir dei konsesjon til å visa film.

Besøkspotensiale

At me med det nye auditoriet har eit eigna lokale for visning av film er nok udiskutabelt, men det er også eit kriterium at staden har eit visst besøks-potensiale. Det er derfor viktig at dei 89 setene i auditoriet og kanskje nokre lausstolar øverst i salen blir opptatte på første prøvevisning.

Møteplass

Slike plassar treng me mange av i Bokn, og med ei kinoordning i sentrum trur eg det vil utvikla seg eit miljø i det nye skulebygget som kan knytta til seg mange spennande fritidsaktivitetar.

Eg vil koma tilbake til prosjektet, og ei eventuell prøveordning vil bli godt synleggjort.



Snart til Bokn? "Jungelboken II" og "Olsenbanden Jr. går under vann"


2. verdenskrig

av Merete Bryningsland og Eirik Vea.

Vi i 9. klasse på Bokn Skule har hatt om 2. verdenskrig. Vi hadde bestemt oss for å ha et storyline prosjekt. Nå lurar du sikkert på hva storyline er, vel, kort forklart; storyline er når man går inn i en fortelling og har et rollespill rundt den.

I dette tilfellet var vi delt inn i 4 grupper på 3-4 elever, som fikk hver sine roller. Alle 4 gruppene var familier.

- Kystfamillie (Fam. Stølen)
- Motstandsfamilie (Fam. Kolbotn)
- Nazistfamilie (Fam. Øvretun)
- Jødefamilie (Fam. Rabinowitz)



Merete Bryningsland, Emilie Moi Eikje og Tom Are

Kystfamilien bodde på Bokn og var en familie på 3, men til slutt ble de 7, da 4 gutter flyttet inn. De tok imot 2 menn, som de skulle sende med Shetlandbussen til England. Shetlandbussen var mange båter som gikk mellom Norge og Shetland under 2. verdenskrig. Sønnen i huset ville reise med Shetlandbussen for han var blitt 17 år. Faren i huset var og med på en sabotasje aksjon hvor de sprengte ei bru. Sønnen blir flytta over til Marinen. Krigen er endelig slutt og sønnen kommer hjem blek og matt, men i strålende humør.

Motstandsfamilien bor på Haugå i Haugesund og består av 4 familiemedlemmer. De har en sybutikk som familien driver. Faren i huset er med på å lage en illegal avis, og drar familien med seg. En av døtrene ble forelska i en tysk soldat. Etter ei stund får tyskerne vite om den illegale avisa, og kommer på inspeksjon. Men da er allerede faren i huset flykta til Shetland med Shetlandbussen.

Familien finner ut at dattera i huset og soldaten trefes. Dattera blir gravid og føder en sønn. Ho må flytte til tante Anna i Tysvær. Når krigen blir slutt kommer far hjem fra England. Dattera blir mobba som Tyskertøs og blir snau klypt på gata i Haugesund, lenge etter krigen var slutt.

Jødefamilien bodde i Haugesund og var en familie på 3. Familien fikk brev om at de måtte levere inn alle

eiendelene de hadde i huset sitt, og de måtte gå med Davidstjernen på jakka slik at alle kunne se at de var Jøder. Familien får høre at to andre jødefamilier skal reise ut av byen og denne familien bestemmer seg for å være med. Dagen før de skulle flykte ble far arrestert hjemme. Faren blir sendt til Auschwitz og blir gasset i hjel. Mora og dattera bodde ei stund hos en annen familie utenfor Haugesund men mora og dattera bestemte seg for og flykte. Mora ble skutt når hun og dattera skulle rømme. Dattera ble og sendt til Auschwitz og var klar for og bli sendt i gasskammeret men akkurat da hun skulle inn sluttet krigen og hun reiste hjem til Norge med de hvite bussene og bodde der alene.

Nazistfamilien bodde i Haugesund og var en familie på 3. Sønnen i huset var nazist og medlem av Hirden. Han jobbet i Hirden i Haugesund og ledet møter og arrangement i Haugesund. Han var frontkjemper. Moren og faren var imot dette i begynnelsen men etterhvert som tida gikk ble de også innblandet i dette. Sønnen ble sendt til Østfronten, der var han frontkjemper. Når han kom hjem ble han dømt og fikk den strengeste straffen som var - dødsstraff. Men han ble benådet.

Når vi hadde dette temaet fikk vi alltid nye hendelser. Vi fikk 1-3 dager på hver nye hendelse, men før vi fikk en ny hendelse måtte vi framføre dette. Det var det som var det verste, alle gruet seg til det. Men det gikk selvfølgelig bra det også, ingen omkom.

Det storylinen startet med var at vi måtte lage en modell av oss selv av papp, der vi skulle kle figuren i tidsriktige klær og håret skulle også passe inn. Vi måtte også lage en modell av stuen og kjøkkenet i papp, der vi skulle ha blendegardiner, bord, stoler, vedovn og radio som var inni en liten boks slik at tyskerne ikke skulle finne den om de kom på inspeksjon. Deretter startet storylinen for alvor.




Verinica Øvrebø, Veronica Sæbø og Lisbeth Jøsang

Vi fikk hendelser som vi skulle jobbe med. Det kunne f.eks være at sønnen i huset har lyst til og reise med Shetlandslarsen men mora vil ikke la ham reise. De fikk også en elevaktivitet der de skulle dramatisere en


diskusjonen mellom mor og sønn for resten av klassen og lærerne (Som kystfamilien). Elevaktiviteten kunne være å lage diskusjoner, skrive brev, dramatisere, skrive dagbok, lage en lysbilde presentasjon eller utstilling, lage en bildemontasje eller sette sammen en plakat. Ja, alt mulig.

Vi tror alle i klassen syns dette har vært gøy, det var bra med litt forandring i skolearbeidet. Vi lærte mye mer nå enn om vi bare hadde gjort oppgaver og hørt på læreren som står oppgitt og snakker til oss mens vi ikke hører etter. For med dette prosjektet måtte vi sette oss inn i situasjonen og forstå hvordan de hadde det på den tiden. Vi måtte skrive om det og lese bøker. For det er ikke så lett å forstå for oss som ikke har opplevd krigen og heller ikke lært så mye om den.



Anita Øvrebø og Eirik Veia

Gåvetips i Servicetorget



Prisar:

- Bokn gard og ætt 1 kr. 400,-
- Bokn gard og ætt 2 kr. 400,-
(Kr. 80,- i frakt kjem ev. i tillegg)
- Boknaminner, CD med Jan Spurkeland kr. 150,-
- Frá haug ok heidni kr. 50,-
- Boknakyrkja kr. 50,-
- Boknaspenna, smykke kr. 1.400,-
- Boknaspenna, nål kr. 1.100,-
- Rødbronsenål kr. 900,-
- Rødbronsesmykke kr. 1.050,-

Sølvkjedene kan vera skjulte eller synlege.
Bronsefestene kan berre vera skjulte

Etter kvart har det blitt ein del produkt du kan kjøpa i 1. etasje på Boknatun. Det mest aktuelle nå er nok andre bindet av Bygdeboka. Første bindet, Cd'en Boknaminner med Jan Spurkeland, Boknaspennekopiar samt spesialutgåva Frá haug ok heidni (1996) og historia om Boknakyrkja kan du også skaffa deg ved å kontakta kommunen.


ETTERLYSING!

Biblioteket saknar fortsatt desse:

- Kassett nr. 1 i Lydboka "Familien på Gilje" av Jonas Lie.



- Kassett nr.1 av "Den vesle vampyren" av Sommer-Bodenburg



KULTURKALENDEREN

- nye arrangement/forandringer blir utheva kvar gong -

MARS

01. Dans på skulen - arr. Bokn Røde Kors
02. Bingo – arr. Bokn idrettslag
02. Gudstjeneste kl. 18.30
05. Israelmisjonen Bokn Bedehus kl. 19.30
09. **BORK - Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00-16.00**
09. Bokn søndagskule på Bedehuset kl. 10.30
09. Muslim misjonen Bokn bedehus kl. 19.30
14. Bokn bedehus - Årsmøte
14. 15. og 16. Bokn Musikkorps seminar vaksenkorps
16. Gudstjeneste kl. 11.00
19. **Eventyrtime biblioteket/auditoriet kl. 17.00**
23. Bokn søndagskule på Bedehuset kl. 10.30
23. Konsert Bokn Musikkorps
25. Indre sjømannsmisjonen Bokn bedehus kl. 19.30
26. Indre sjømannsmisjonen Bokn bedehus kl. 19.30
27. Indre sjømannsmisjonen Bokn bedehus kl. 19.30
27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
30. Gudstjeneste kl. 11.00 - Speidaren - Løftefornyelse
30. Indre sjømannsmisjonen Bokn bedehus kl. 19.30

APRIL

04. Kulturkveld - P. Dass kl. 19.00
06. **BORK - Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00-16.00**
06. Bokn søndagskule på Bedehuset kl. 10.30
06. Bingo kl. 16.00 arr. Bokn musikkorps
09. Kontaktmøte Bokn bedehus
11. ABR senter - Bokn bedehus kl. 19.30
12. Speidaren - Kampen om Vikingskipet
13. Samtalegudstjeneste kl. 19.00
17. Frelsesarmeen - Bokn bedehus
18. Gudstjeneste kl. 11.00
20. Gudstjeneste kl. 19.00
24. **Teater - Familiefestilling - Mannen som ønsket seg et eple, Auditoriet kl. 17.00**
24. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
27. Konfirmasjonsgudstjenete kl. 11.00

MAI

02. **Sjømannsmisjonen har basar på Bokn skule kl. 19.30**
04. Bokn søndagskule på Bedehuset kl. 10.30
04. **BORK - Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00-16.00**
04. Gideon - Bokn bedehus
04. Vårslepp - Bokn idrettslag
11. NMS møte Bokn bedehus kl. 19.30
17. Gudsteneste kl. 10.30
17. Dans arr. Bokn idrettslag/Bokn røde kors
22. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
- 23.-25. Speidaren - Tur til Våghomen
- 23.-25. **BORK, Familieleir på Sandbekken**
25. Gudstjeneste kl. 11.00
29. Frelsesarmeen - Bokn bedehus kl. 19.30

JUNI

01. **BORK - Søndagsridning på Ognøy kl. 14.00-16.00**
01. Normisjon møte Bokn bedehus kl. 19.30
04. **Bokn Sanitetsforening. Basar på Bokn Skule**
08. Fellesgudstjeneste i TYSVÆR KYRKJE kl. 11.00
15. NLM møte Bokn bedehus kl. 19.30
22. Friluftsgudstenestene i Loden kl. 11.00
23. Speidaren - Jonsokfeiring i Ognahaben
29. Bruamarsj arr. Bokn idrettslag

JULI

12. Marknadsdag i Alvestadkroken
12. Utedans arr. Bokn idrettslag/Bokn musikkorps

AUGUST

1. - 6. Speidaren på kanotur
9. "Ta sjansen" arr. Bokn Båttforening
17. **BORK, Distanseritt på Ognøy**
30. Dans på skulen - arr. Bokn Røde Kors

GYMSALTMEPLAN, KVELD


DAG	AKTIVITET	KL.	ANSVARLEG
Måndag	Bokn musikkorps Fotball 11-12 år	15.30 - 16.30 16.30 - 18.00	Odrunn Nilssen Gunnar Bokneberg
Tysdag	Bokn Musikkorps Barnetrim Fotball, A-lag Aerobic	20.00 - 22.00 16.15 - 17.00 19.00 - 21.00 21.00	Lillian Grønnestad Marianne Lie Alvestad Kjetil Hamre June Kro
Onsdag	Fotball 8-9 år Badminton Volleyball, vaksne	17.00 - 18.00 18.00 - 19.30 20.00 - 22.00	Arthur Trosnavåg Bufellesskapa i Bokn Rita Jensen
Torsdag	Bokn Musikkorps Aerobic/div.	17.00 - 19.00 20.00 - 22.00	Lillian Grønnestad June Kro
Fredag	Badminton Fotball, A-lag	17.30 - 19.00 19.00 - 20.30	Bufellesskapa i Bokn Kjetil Hamre

Mandag, - onsdag - torsdag
09.00 - 17.00


COOP BOKN

Tirsdag - fredag 09.00 - 18.00
lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Bensin—Diesel
- Medisinutsalg
- Driftsmidler
- Postfilial
- Bank i butikk



coop
marked




BJØRN LINDANGER

Alt i Graving og Transport

Rennesøy, Tlf.: 51 72 36 15 - Mob.: 946 72 848

- Me utfører alt innen graving og transport.
- Me formidler båring og skyting.
- Maskiner fra 1,5 tonn til 21,0 tonn 3 stk
- Levering av rør og kummer.
- dumperbiler.



**A. OLUFSEN
SKIPSSERVICE A.S**

AVD. BOKN

Tlf. 52 74 84 60 – Mob. 98 20 90 28

**VI UTFØRER ALT INNEN: STÅL · ALUM. · RUSTFRITT · RØR-
ARBEID · MASKINARBEID · HYDR. · TESTING, SERTI-
FISERING AV KRANER · LASTE, LOSSEUTSTYR PÅ SKIP**

52 75 25 00	Sentralbord		postmottak@bokn.kommune.no
52 75 25 01 98 22 15 01	Rådmann	Jan Erik Nygaard	jnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 02 98 22 15 02	Økonomisjef/personalansvarleg	Solrunn Alvestad	soa@bokn.kommune.no
52 75 25 03 91 35 40 82	Ordfører Tysdag – ring på førehand	Svein Ove Alvestad	svein@bokn.kommune.no
52 75 25 04 98 22 15 04	Seksjonssjef sosial	Reidar Alvestad	ralvestad@bokn.kommune.no
52 75 25 05 98 22 15 05	Seksjonssjef teknisk	Hans Faye	hfaye@bokn.kommune.no
52 75 25 06 98 22 15 14	Ingeniør	Unni W W Høivik	uhoivik@bokn.kommune.no
52 75 25 07	Økonomiavdelinga, rekneskap og løn	Leni Mannes	lem@bokn.kommune.no
52 75 25 09 99 53 19 35	Økonomiavdelinga, skatt og fakturering	Lindy Haram	lharam@bokn.kommune.no
52 75 25 08 98 22 15 08	Seksjonssjef kultur	Jardar Havikbotn	jhavikbotn@bokn.kommune.no
52 75 25 10	Seksjonssjef servicetorg	Gro Sørensen	gsorensen@bokn.kommune.no
52 75 25 15	Telefaks Boknatun		
52 75 25 16	Pleie- og omsorgssjef	Anny Kallekødt	
52 75 25 30	Bokn sjukestove		
52 74 85 22	Legevaktsentralen		
52 75 25 34 98 22 15 03	Seksjonssjef helse	Gunn Grønnestad	ggroennestad@bokn.kommune.no
52 75 25 36	Psykiatrisk sjukepleiar Tysdag/onsdag 08.00 – 15.00	Miriam Berland	
52 75 25 40	Legekontor	Mandag og torsdag	
52 75 25 43	Open helsestasjon torsd. 08.30 - 11.30 Tysdag etter avtale	Rita Førland	
52 75 25 45	Bokn bibliotek	Linda Ognøy	lognoey@bokn.kommune.no
52 75 25 47 93 41 54 40	Kyrkjeverge Tysdag/torsdag 08.30 – 15.30	Svanhild Alvestad	svalves@frisurf.no
52 75 25 50 98 22 15 10	Seksjonssjef skule	Dag Halvorsen	dhalvorsen@bokn.kommune.no
52 75 25 51 98 22 15 11	Rektor	Ingjerd Ellingsen	iellingsen@bokn.kommune.no
98 22 15 09	Barnevernleiar	Eva Moi	eeikje@robin.no
52 75 25 65 (66)	Skulefritidsordning	Ranveig Nygaard	rnygaard@bokn.kommune.no
52 75 25 67	Telefaks skulen		
52 75 25 69	Forkontor, skulen	Norunn Jordbrekk	njordbrekk@bokn.kommune.no
52 75 25 70	Seksjonssjef barnehage	Inger Grete Wiken	ingergrete@bokn.kommune.no
52 75 25 80	Tannlegekontor torsdag og fredag	Anita Knutsen	

Kritisk Sykdom

Kritisk Sykdom tilbys av SpareBank 1 Livsforsikring AS, som er et heleid datterselskap av SpareBank 1 Gruppen AS

Kritisk Sykdom

Det er den største selvfølge å holde seg frisk, slik at man kan leve livet slik man har tenkt og ønsker. Dette er dessverre ikke alle forunt, og noen blir hardere rammet enn andre.

Kritisk Sykdom utbetales ved at det blir stilt en diagnose for sykdommene nevnt nedenfor.

Du vil få rask utbetaling, og forsikringssummen utbetales selv om du skulle bli helt frisk etter sykdommen.

- Du som er mellom 15 – 58 år kan kjøpe Kritisk Sykdom
- Varighet, frem til fylte 67 år.
- Forsikringssum: 100.000 – 1.500.000

Kritisk Sykdom utbetales ved følgende diagnoser:

- Hjerneslag
- Hjerterinfarkt
- Hjerteroperasjon
- Organtransplantasjon
- Nyresvikt
- Livstruende kreft
- Multipel sklerose (MS)



Nærmere detaljer om dekningene får du i forsikringsvilkårene som følger med forsikringsbeviset.

Kritisk Sykdom kjøper du av din kunderådgiver i banken.

Du kan også henvende deg direkte til Kunde- og distributørservice i SpareBank 1 Livsforsikring på telefon: **21 02 51 30.**

Snakk forsikring med noen som kjenner deg

SpareBank 1

bank • fond • forsikring • eiendomsmegling



BOKN KOMMUNE
SEKSJON TEKNISK



VÅROPPTYDDING 2003

Styret i Toraneset Miljøverk vedtok på styremøte den 01.02.2003 at våroppryddingsaksjonen i 2003 ikkje skal haldast.

Dette fører til at våroppryddinga som var tenkt utført i veke 14 og 15 skal sløyfast.

Miljøparken vil vera open laurdag den 26. april frå kl. 10.00 til kl. 14.00



BOKN KOMMUNE
5561 BOKN

Støttekontakt

Barnevernstenesta ynskjer kontakt med nokon som kunne tenke seg å bruke nokre timar pr. veke som støttekontakt for barn/ungdom i Bokn.

Barneverntenesta har også behov for avlastningsfamiliar. Opplæring og oppfølging vil bli gitt frå barneverntenesta.

Løn etter KS sine satsar.

Interesserte kan ta kontakt med barnevernleiar Eva Moi på
tlf. 98 22 15 09

Bokn Historielag

Historielaget fekk eindel medlemmer på startmøtet den 27. januar. Me tar hjerteleg imot fleire som kan tenka seg å vera med. Interesserte kan henvenda seg til Sigvart Våga eller Annette Bokneberg.

Kontingenten for 2003 er 100 kr.

Bokn Bygdeservice BA:

08.01.2003 vart Bokn Bygdeservice BA stifta, vårt virkeområde blir Bokn og søre del av Tysvær. Vi er 4 personar frå Tysvær og 4 frå Bokn som er med.

Når alle formaliteter er i orden kan vi ta i mot oppdrag, vi vonar det vil vara i mars.

Vi rekar med å utføra oppdrag innan vedlikehald og reparasjonar på maskinar og bygningar, slik som riving, høytrykksvasking, rydding, snekring, maling sveising, muring, graving og transport m.m.

Tilsyn med hytte og hus kan også vara aktuelle oppdrag. For andre bønder kan leigekjøring vera aktuelt.

Andre interessante oppgåver kan vera stell og vedlikehald av plenar og grøntanlegg, fritidsområder og private hagar, samt vedlikehald av vegar, turstiar, kraftgater og snørydding.

Treng du hjelp så spør oss, ingen ting er for lite, men noko kan bli for stort.

I styret vårt sit Sigmund Alvestad leiar Bokn, Terje Munkejord nestleiar Tysvær, Trygve Alvestad Styremedlem Bokn.

Helsing Bokn Bygdeservice.



BOKN KOMMUNE

Kjekk frivillig oppgåve for ein pensjonist eller andre med førarkort

Kjøkkenet på sjukestova lagar middag til folk på bygda som har behov for varm mat. Me gjer dette onsdagar og fredagar, og har 3 frivillige personar som tar kvar si veke. Me manglar imidlertid ein person til å ta den 4.veka.

Har du rundt 1 time til disposisjon kvar 4 onsdag/fredag, ta kontakt med Anny Kallekodt på sjukestova, tlf. 52 75 25 16.

Me gir kjøregodtgjering, men ikkje løn.

Familieforestilling i auditoriet i april

Annette Bokneberg

Skromlehjulet figurteater kjem til Bokn torsdag 24. april med forestillinga "Mannen som ønsket seg et eple" Dette er ei familieforestilling og passar for barn frå 3 år.

Mannen som ønsket seg et eple er fritt etter Janosch's barnebok med same navn. "Walter er ein fattig mann. Det einaste han eig er eit epletre. Det er eit fint epletre, men han får aldri epler på det. Han drøymmer om å få eit einaste eple, og det treng ikkje vera eit fint eple heller. Naboane til Walter har fine tre, fulle av epler. Dei marsjerar over til Walter for å sjå om han har fått eple på treet sitt.

Han vatnar treet sitt ulykkeleg, men sjå kva er det? Kva med drømmen? Han fekk eit eple, med det er ikkje noko vanleg eple. Naboane blir svært mis-tenksomme og kviskrar (det er bare løgn og fanteri) Etterkvart blir Walter redd for epletjuvar og han passer på eplet dag og natt. Sladderer går og alle meiner han bør hausta eplet før den skumle dragen kjem. Vennene hans kjem ikkje lenger på besøk og Walter er ikkje lenger lykkeleg over eplet.

Naboane går på torget og tener seg søkkrike på å selge eplene sine. Men pluteleg dukkar dragen opp og tar alle naboane til fange. Dei ropar til Walter om hjelp og han kastar eplet sitt til dragebeistet. Så kva skjer nå?"

Skromlehjulet figurteater blei starta i 1994 og har satt opp 8 skuespill sidan den gong. Gruppa består av Kjersti Iversen og Kjell Helgland.

No kjem dei altså til Bokn og skal ha forestilling i auditoriet:

Torsdag 24. april kl. 17.00

Billettar kan kjøpast på Servicetorget frå den 1. april. Bill. pris kr. 40,-



LIKAR DU HEST?

Har du lyst til å begynne å ri?

*Da er du og familien din velkommen til Ognøy
søndag 9/3, 6/4, 4/5 og 1/6,
fra kl 14.00 til 16.00.*

*Det blir ridning m/instruksjon på bane for
nybegynner barn/voksen,
Kr 30,- pr. time.*

*Mulighet for å ta en ridetur rundt Ognøy for dei som
ønsker det GRATIS!!!*

*I vår oppvarmte brakke kan de som ønsker det få
kjøpt kaker, kaffe/brus.*

Har du hest så må du gjerne ta den med.

Rim og regler frå Dagsenteret

Januar med snø og is
Februar på same vis
Mars då syslar det i li
April då fløymer bekken fri
Mai er sol og blom og flag
-17. er Noregs dag-
Juni - sumar - jonsokbål
Juli - køyr inn høy og kast i stål
August - bær og kornet gult
September gjev oss huset fullt
Oktober - regn og rusk og haust
November riv alt lauvet laust
Desember - rein og kvit og fin
Med juletre i armen sin





Salg av gode islandshester og shetlandsponnier !
Vi har også 2 ledige plasser på rideleir i påsken.
Ring Kari på 52 74 84 07 el. 91120801 for mer informasjon.



FAMILIELEIR PÅ SANDBEKKEN 23. – 25. MAI 2003

Vi arrangerer rideleir på Sandbekken for hele familien 23. –25. mai 2003.

Programmet er ikke helt klart ennå, men helga vil bli fylt av aktiviteter for både store og små.

Pris: Medl.familie: kr 550,- (uansett antall)
Enkeltmedl. : kr 150,-
Ikke medl.: kr 200,-.

Påmelding til Agnes, tlf. 52748629.


BURSDAGSFEIRING PÅ OGNØY

Kan du tenke deg en ny vri på bursdagsselskapet?

Synest du det høres herlig ut at andre serverer pølser, baker sjokoladecake, rydder opp og aktiviserer ungene med heste-ridning, så er dette kanskje noe for deg.

Liker du idèen vår, ring til Gry på tlf. 52748603 el. 99156682 for nærmere informasjon.


Pris kr 70,- pr. unge inklusiv alt unntatt godteposer.



Arskroen kafé & selskapslokale

Vi leverer smørbrød/kaker til enhver anledning.

*Selskaps- og møtelokaler til leie,
med eller uten servering,
med eller uten bar.
Ta kontakt for tilbud.*



*Søndagsmiddag
hver søndag.*

*Har du spørsmål,
kontakt Are 52 74 86 88*

Saknar du dette?

Svart dressjakke av merket Taylors + et herreur:
Quartz Leonardo med ein globus på urskiva.

Funne på skulen etter dansen den 1. februar

Er noko av dette ditt, ta kontakt med skulekontoret.
Tlf: 52 75 25 69



Hjerteligst takk til dere alle for blomster, helsingar og deltagelse i gravferda ved vår kjære Harald Grønnestad

Hilsen Anna med familie

**Små privatannonser
kr. 30,-**



Du er velkommen med gratis takkeannonse i Bygdabladet!

BOKN FYSIOTERAPI

Tysdag og onsdag og helgene i partalveker.
Direktenr. 52 75 25 33. Ta kontakt for avtale.
Geir Austvik - fysioterapeut

FOTTERAPI

Kvar onsdag på legekontoret kl. 09.00 - 14.00
Første onsdagen i kvar mnd. kl. 15.00 - 18.30
For påmelding, tlf. 52 74 84 79
Rita Jensen - fotterapeut

TRYGDEKONTORET

Kontortid kl. 9.00 – 14.30
Telefontid kl. 8.00 – 15.30
Tlf. 52 75 21 50 - Fax. 52 75 21 51
Direkte innval: 52 75 2 + linjenr.
Ragnhild Ognøy: linjenr. 150
Ingunn Sunde: linjenr. 152
Ingunn Sunde - trygdesjef

LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag i Boknatun
kl. 9.00 – 12.00.
Direktenr. 52 75 25 13
Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.
Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre
vekedagar, tlf. 52 77 05 00
Bjørn Bruaset - jordbrukssjef

DAGSENTERET

Dagsenteret på Boknatun er ope
kvar onsdag frå kl 10.00 - 14.00.
Alle over 70 år er hjertelig
velkomne.

Påmelding, tlf. 52 74 83 09
Julianne

BOKN BYGDABLAD

UTGJEVAR

Bokn kommune
5561 BOKN
Tlf 52 75 25 00
Fax 52 75 25 15
E-post jhavikbotn@bokn.kommune.no

BYGDABLADNEMND

Svein Ivar Langhelle
Eva Moi
May Jorunn Vatnaland

REDAKTØR

Jardar Havikbotn
Direkte tlf. 52 75 25 08

REDAKSJON

Jardar Havikbotn
Reidar Alvestad
Linda Ognøy

ABONNEMENT

Kr. 200,- pr. år

ANNONSEPRISAR

Heilside	kr. 500,-
Halvside	kr. 300,-
Kvartside	kr. 150,-
1/8 side	kr. 100,-
Privatann.	kr. 30,-
Fastann.	etter avtale

FRIST FOR STOFF

Etter avtale med redaktøren

BLADET KJEM UT

10 gonger i året

STORT FORSIDEBILDE

Frå opninga av nytt
bibliotek 19.02.03
Sjå artikkel s. 3

Frå v: Ordførar, Fylkesbibliotek-
sjef, Biblioteksjef og Kultursjef




Foto: Karin Mårteig, Fylkesbibl.

TILBUD STEINFRI SKJELLSAND + høy og halm

Kr. 140,- pr. m3 fritt utkjørt innmark.

Kr. 150,- pr. m3 fritt utkjørt utmark.

*Kontakt Morten Ullenes,
4150 Rennesøy*

51 72 31 33

900 16 817

A-Blad


RETURADRESSE:
BOKN KOMMUNE
5561 BOKN



Bokveke for småskulen




Småskulen har hatt leseprosjekt i heile veke 8



**Konsentrerte
gutar.**

**Kolbjørn Hauge
i auditoriet for-
tel frå boka si:
*Nei men, Sofus!***



Lesestund i kosekroken.



Ivrige leserar i fleire etasjar.



Bokkafe med nysteikte vafler.



Små og store samla for drøs og kaffi.